

Helsefellesskap Møre og Romsdal

Til høyringsinstansane

Høying om revidert samarbeidsavtale 2025 - 2028

Gjeldande samarbeidsavtale mellom helseføretaket og kommunane i fylket har avtalt verknad frå 1.1.2021 og fram til 31.12.2024.

I samsvar med samarbeidsavtalen pkt. 10 skal avtalen reviderast minst kvart fjerde år.
Forhandlingsarbeidet starta i mars 2023. [Referat](#) frå møta i forhandlingsutvalet er tilgjengelege på helseføretaket sine nettsider. Følgande personar har delteke i forhandlingsutvalet på vegne av partane:

Namn	Tittel
<i>Helse Møre og Romsdal</i>	
Kjetil Lundberg	HR-direktør, HMR HF
Jan Rino Austdal	Advokat/personvernombod, HMR
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR
Trude G. Solenes	Kvalitetsrådgjevar Klinikkleiing og Stab SNR
<i>Regionråd kommune</i>	
Kjetil Leirbekk	Assisterande kommunedirektør, Averøy kommune (<i>NIPR</i>)
Cato Innerdal	Kommuneoverlege, Molde kommune (<i>ROR</i>)
Guri Hasund Reiten	Advokat, Ålesund kommune (<i>SR</i>)
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar forvaltningskontor, Volda kommune (<i>SR</i>)
<i>Leiar for praksiskonsulentordninga</i>	
Stian Endresen	Leiar for praksiskonsulentordninga
<i>Leiar av forhandlingsutvalet</i>	
<i>Brukarepresentantar</i>	
Paula Næss Skaar	Brukarutvalet HMR HF
Eilin Reinaas	Brukarepresentant kommune
<i>KS</i>	
Marianne Stokkereit Aasen	Kommunedirektør i Molde kommune

<i>Sekretariat</i>	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre, Stab helse og omsorg
Karethe Kristoffersen Aam	Rådgjever HMR Samhandlingsseksjonen

Ved forfall har følgande vararepresentantar møtt: Perny Oksnes (HMR), Jan Morten Dale (Hustadvika kommune).

Ny samarbeidsavtale med verknad frå 1.1.2025 føreset godkjenning i kommunestyra og styret for helseføretaket hausten 2024. Forhandlingsutvalet vil på grunnlag av innspel etter denne høyringa, sende ut tilråding til ny samarbeidsavtale etter godkjenning i SSU 16.10.24. Høyringsfristen er difor sett til den **23. juni 2024**.

Oversikt over vesentlege endringar:

1. Avtalen har blitt omsett frå bokmål til nynorsk. Dette i samsvar med vedtak i SSU.
2. I utkastet har delavtalane fått ein likare struktur, hovudsakleg ei kortare og meir konsis form på delavtalane. Ein del føresegner som berre er til rein informasjon er teken ut for å korte ned teksten.
3. Det er gjort nokre tilpassingar til helsedirektoratet sin [rettleiar](#) for samarbeidsavtaler i helsefellesskap, seinast oppdatert i juni 2023.
4. Faglege samarbeidsutval (FSU) vert foreslått redusert frå 12 til 6 utval. Dette er den største strukturelle endringa som vert foreslått, og som høyringsinstansane gjerne må uttale seg spesielt om. Desse faglege samarbeidsutvala vert foreslått nedlagt:
 - FSU for rehabilitering,
 - FSU for vaksenhabilitering,
 - FSU for kunnskapsoverføring, forsking og utdanning,
 - FSU for digitale helsetenester og eHelse og
 - FSU for helsefremmande og førebyggande helsearbeid.

FSU for helseberedskap vert foreslått slått saman med FSU for akuttmedisinsk kjede og samarbeidsordninga mellom spesialisthelsetenesta og fastlegane (tidlegare praksiskonsulentordninga) er lagt til FSU for behandlarsamarbeid.

Bakgrunnen for forslaget er å minske ressursbruk knytt til møteverksem, samtidig som utvala som vert vidareført til dels får eit noko utvida ansvar. Fleire utval har sjølv gitt uttrykk for at dei ikkje har fungert så godt, og nokre fagutval er i praksis erstatta av samhandling i andre fora utanfor denne strukturen. For eksempel meiner forhandlingsutvalet at IKT-utvalet sine oppgåver i Helsefellesskapet med fordel bør verte vareteke gjennom alle fagutvala sitt arbeid og handlingsplanar, samtidig som konkrete samarbeidsprosjekt (t.d. Helseplattformen) uansett vert følgd opp i andre fora. Fagutval for forsking og utdanning vert like eins foreslått lagt ned, då samarbeidet her i stor utstrekning vert vareteke av andre nettverk, t.d. [samarbeidsorganet](#) mellom utdanningsinstitusjonane og helseføretaket, der også kommunane kan inviterast inn.

Når det gjeld førebygging og helsefremming, rehabilitering og vaksenhabilitering så er dette viktige fagområde som bør få fokus i fagutvala som vert vidareført, der det er relevant. Forhandlingsutvalet ser det som formålstenleg at det vert jobba meir spesifikt med desse fagområda for dei prioriterte pasientgruppene i staden for ei meir generell tilnærming. Til dømes vil rehabilitering i eit pasientforløp sjå svært anagleis ut for ein pasient med rusproblematikk enn for skrøpelege eldre og ein vil jobbe anagleis med førebygging og helsefremming for barn og unge enn for den kronisk multisjuke.

Følgande fagutval vert foreslått vidareført i komande avtaleperiode:

- FSU for barn og unge
- FSU for psykisk helse og rus
- FSU for kronisk multisjuke og skrøpelege eldre
- FSU for svangerskap, fødsel og barselomsorg
- FSU for behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane
- FSU for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap

Det vert i avtalen presisert at andre faglege samarbeidsutval kan etablerast av SSU ved behov.

5. Oppgåvene til dei ulike utvala er forsøkt spissa og tydeleggjort.
6. Reduksjon av lokale samarbeidsutval (LSU) frå fire til tre. Som følge av samanslåing av Kristiansund og Molde sjukehus til Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) vert det også foreslått ei samanslåing av LSUane til det nye sjukehusområdet. For å sikre tettare samarbeid mellom LSU Volda og Ålesund vert det foreslått at sjukehusområda har obligatoriske fellesmøte.
7. Lokal tvisteløysingsnemnd er foreslått fjerna i hovudavtalen pkt. 8.2. Utkastet legg opp til at tvistar om samarbeidsavtalen vert løyst gjennom dialog og forhandlingar mellom partane, eller alternativt gjennom avgjerd hos Helsedirektoratets nasjonale tvisteløysingsnemnd for helsesektoren. Ei lokal nemnd vert rekna som overflødig og forsinkande for avklaring av eventuelle tvistar.
8. Forhandlingsutvalet har drøfta nye vilkår for samhandlinga rundt utskrivingsklare pasientar som er regulert i dagens delavtale 1, men har ikkje kome til eit samlande forslag på dette området. På grunn av partane sine ulike posisjonar rundt dei økonomiske vilkåra, meiner eit samla utval at eksisterande delavtale 1 bør vidareførast i ny avtaleperiode. Utvalet meiner også at delavtalen bør vidareførast i den form den er vedteken, altså på bokmål.
9. Helseplattformen er eit digitalt samhandlingsverktøy som førebels berre delvis er innført i fylket. Nokre kommunar har signalisert at dei ikkje ønsker å knytte seg til denne plattforma. Samarbeid om Helseplattformen er derfor ikkje særskilt regulert i denne samarbeidsavtalen, men samarbeidet er regulert i eigne avtaler og møteplassar utanfor samarbeidsavtalen sin struktur.
10. Ein har gjort ei presisering av kva for sjukehuslegar som kan tilvise og legge inn på kommunale KAD/ØHD plassar.
11. Forhandlingsutvalet har vurdert å opprette ein eigen delavtale for barn og unge, men har kome til at formålet vert godt nok teke i vare i samarbeidsavtalen gjennom tiltak i [felles handlingsplan](#).

[Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027](#) vart publisert 01.03.24. Forhandlingsutvalet har derfor ikkje hatt høve til å omtale eller referere til planen i revidert samarbeidsavtale. Forhandlingsutvalet vil vurdere å innarbeide aktuelle moment frå nasjonal helse- og samhandlingsplan saman med høyringsinnspela i august 2024.

Vi ber om at det i høyringsinnspela vert vist konkret til kva punkt i avtalen merknaden gjeld.

Høyringsinnspela vert publisert etter kvart som dei kjem inn på [helseføretaket sine nettsider](#).

Send innspel pr. e-post til samhandlingsseksjonen ved Helse Møre og Romsdal:
postmottak@helse-mr.no

Merk høyringsinnspela med:

“Høyringsinnspel Samarbeidsavtalen 2025 frå (namn på høyringsinstans), saksnummer 2024/1795”

Med vennleg helsing

Stian Endresen
leder av forhandlingsutvalet

Høyringsinstansar:

- Brukarutvalet i Møre og Romsdal
- Brukarorganisasjonar i Møre og Romsdal
- Kommunane i Møre og Romsdal
- Helse Møre og Romsdal HF
- Helse-Midt Norge v/samhandlingsavdelinga
- Dei 3 interpolitiske råda (NIPR, ROR og SRR)
- KS-representant Møre og Romsdal
- Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskapet
- Lokale samarbeidsutval i Helsefellesskapet
- 12 faglege samarbeidsutval i Helsefellesskapet
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune v/direktør
- Utdanningsinstitusjonane i Møre og Romsdal
- Den norske legeforening Møre og Romsdal
- NSF Møre og Romsdal
- Fag forbundet Møre og Romsdal

